ÅRSMØTE 2020

UTDANNINGSFORBUNDET BØMLO

Torsdag 25.mars 2021 kl. 18.00
Bømlo Kulturhus
Litlesalen

Arrangør:
Klubben i Utdanningsforbundet
ved
Gilje skule

Årsmøtesak 1/2020
Konstituering

Godkjenning av innkalling
Godkjenning av sakliste

SAKLISTE:

1. Konstituering med godkjenning av innkalling, sakliste, val av ordstyrar og referent
2. Gjennomgang av møte- og valreglement
3. Val av teljekorps
4. Val av protokollunderskrivarar
5. Årsmelding frå Lokallaget
6. Årsmelding frå HTV-kommune
7. Rekneskap 2020
8. Budsjett 20121
9. Retningslinjer for arbeidet i lokallaget i kommande årsmøteperiode
10. Innmelde saker
11. Resolusjonar
12. Val

Val av ordstyrar
Innstilling frå styret: Tor Gunnar Halleraker

Val av referent
Innstilling frå styret: Ragnhild Nesse

Årsmøtesak 2/2020
Møtereglement for årsmøte i Utdanningsforbundet Bømlo

1. Leiar leier møtet til ordstyrar er vald.
2. Vala vert leia av valnemnda. Er ingen av dei til stades, leiar ordstyrar vala.
3. Under debattar kan ordstyrar avgrensa taletida og setja strek.
4. Den som krev ordet til replikk, til dagsorden eller for saksopplysningar, skal få ordet straks. Det er då 1 minutt taletid. Det er ikkje høve til replikk til replikken.
5. Etter at strek er sett, eller saka er teken opp til votering, er det ikkje høve til å setja fram eller trekkja framlegg.
6. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar.
7. Normalt kan ikkje årsmøtet handsama andre saker enn dei som står på sakslista. Unntak er resolusjonar. Framlegg til resolusjon må leverast skriftleg til ordstyrar før handsaming av føregåande sak.
8. Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å handsama saker som ikkje står på saklista. Vedtak i slike saker krev også 2/3 fleirtal.

Valreglement for Utdanningsforbundet Bømlo

1. Alle val som gjeld styret og verv i lokallaget skal gå føre seg i plenum.
2. Leiar skal veljast ved særskilt val. Valet skal vere skriftleg om det er fleire kandidatar, eller om ein av møtelyden krev det. Ved første omgang må den som vert vald, få eit stemmetal som er minst halvparten av talet på røysteføre. Ved 2. valomgang skal det stemmast mellom dei to som hadde flest røyster i første omgang. Nestleiar skal veljast på same måte som leiar.
3. Hovudtillitsvald og vara-hovudtillitsvald etter Hovudavtalen, vert vald i særmøte av medlemmer i den aktuelle arbeidsgjevarorganisasjonen.
4. Val av leiar, nestleiar, HTV, vara- HTV og andre styremedlemmer gjeld for 2 år, frå 1. august i valåret, dersom ikkje årsmøtet vel at nokre styreplassar eller verv skal avgrensast til eitt år for å sikre kontinuitet i styret.
5. Vara-medlemmer til styret vert valde for 1 år.
6. Utsendingar til fylkesårsmøtet vert valde for 1 år.
7. Valnemnd vert vald etter innstilling frå styret.
8. For alle val gjeld at ein berre kan stemme på dei som det er gjort skriftleg framlegg om.

Årsmøtesak 3/ 2020

Val av teljekorps

Innstilling frå styret: Helga Marie Halleraker
Randi Robberstad Sørensen

Årsmøtesak 4/ 2020

Val av protokollunderskrivarar

Innstilling frå styret: Helga Marie Halleraker
Randi Robberstad Sørensen

Årsmøtesak 5/ 2020

Årsmelding frå Lokallaget

Utdanningsforbundet Bømlo har per 16.02.2021 473 medlemmer, 65 medlemmer i barnehage, 237 i grunnskule og vaksenopplæring, 40 i vidaregåande skular, 18 medlemmer i FAS/ Kyrkjeleg fellesråd/ kommunale verksemder og 113 pensjonistar. I tillegg har me 7 medlemmar på Bømlo folkehøgskule. Dei er dobbeltmedlemmer med Samnemnda for Folkehøgskulane.

Styret var samansett slik fram til 01.08.2020:

Leiar/kasserar:	Karine Nesse
Nestleiar /sekretær:	Tore T Hansen
Styremedlem:	Gerd Turid Ersland Røksund
Styremedlem:	Tor Gunnar Halleraker

Styremedlem:	Eline Lindøe Nitter
Styremedlem:	Silje Slagstad Bjørkheim
Styremedlem:	Ida Sjøvangen Steinsland
Styremedlem:	Hilde Hoff Andersen
Styremedlem:	Hans Gunnar Skreslett
Vara-medlemmer:	1. Solbjørg Eide Vik
	2. Linda Aga Legøy
	3. Heine Larsen

Frå 01.08.2020 har styret for Utdanningsforbundet Bømlo vore samansett slik:

Leiar/kasserar:	Karine Nesse
Nestleiar /sekretær:	Tore T Hansen
Styremedlem:	Gerd Turid Ersland Røksund
Styremedlem:	Tor Gunnar Halleraker
Styremedlem:	Linda Aga Legøy
Styremedlem:	Silje Slagstad Bjørkheim
Styremedlem:	Ida Sjøvangen Steinsland
Styremedlem:	Hilde Hoff Andersen
Styremedlem:	Hans Gunnar Skreslett
Vara-medlemmer:	1. Solbjørg Eide Vik
	2. Heine Larsen/Anette Hollund Aga
	3. Steffen Jørs

Styret har representantar frå desse medlemsgruppene: grunnskule, barnehage, vidaregåande og leiarar. Vara-medlemmer går inn i verva når faste medlemmar ikkje kan møta.
Utdanningsforbundet Bømlo (UDF Bømlo) har kontor i rådhuset, 1. etasje. Kontoret er i 2020/2021 bemanna frå tysdag til og med fredag.
Me har hatt 7 styremøte i 2020 og har handsama 58 saker. Møta har vore på kveldstid på Bremnes ungdomsskule og dei har også vore digitale på både Teams og Messenger. Styremedlemmer utan frikjøp får møtegodtgjersle. Samarbeidet med dei ulike medlemsgruppene har vore godt gjennom styremøta.

<u>Saker gjennom året</u>

- Medlemspleie
- Årsmøte og fylkesårsmøte
- Nye medlemer i styret
- Kandidatar til medlemsråd
- Nettverk for barnehagetillitsvalde
- Tariffhøyring
- Koronasituasjonen
- Hovudtariffoppgjeret i KS, PBL, KA og Virke
- Lokale lønsforhandlingar i kapittel 3 og 5 KS- området
- Klubbesøk til klubbane i lokallaget
- Besøksrunde i barnehagane i samband med Barnehagedagen
- Pilotprosjekt i vidaregåande skule

- Arbeidstid i barnehage og skule
- Medlemsmøte
- Leiarforum
- Saker frå medlemsgruppene
- Verving og rekruttering av plasstillitsvalde
- Budsjett i Bømlo kommune
- Høyringssvar
- Rekneskap, budsjett og økonomi
- Aktivitetar og arrangement i lokallaget
- Møteplan
- Mål for arbeidet i lokallaget
- Handlingsplan lokallaget
- Evaluering av styrearbeidet

Barnehagane

Det er åtte barnehagar i drift på Bømlo. Desse er alle private og har tariffavtalar i PBL. Me var på besøk i barnehagane 10.mars 2020 i samband med Barnehagedagen i mars. Då hadde me med oss bøker. Me vert alltid tekne godt i mot når me kjem ut. Etter dette har me ikkje vitja barnehagane pga. smittesituasjonen.

Me har fokus på verving av plasstillitsvalde og medlemmer. Dette arbeidet har bidrege til at me i 2020 har fått fleire nye medlemer i barnehage. Det er gjennom tett oppfølging frå tillitsvalde at medlemmer opplever det som nyttig og viktig å engasjere seg – det gjeld på alle plan i organisasjonen. Målet er tett kontakt med barnehagane slik at me kan vite kva som rører seg, vere synlege, hjelpa medlemmer og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidstilhøva. Me manglar tillitsvald i Langevåg barnehage og arbeider vidare for å få dette på plass.

Me hadde samling i nettverket for dei tillitsvalde i barnehage fysisk i september. Solfrid Furre frå fylkesstyret var med. På slike samlingar drøftar me aktuelle saker og deler erfaringar som plasstillitsvalde. Elles hadde me fire digitale ATB-møter frå april til og med juni. Her hadde me mange saker til drøfting m.a. ferieavvikling, avspasering, overtid, vikarbruk, arbeidstid, pausetid, plantid, spesialpedagogiske timar, reinhald og vask, smittevern, testing, gjennomføring av foreldresamtalar, kohortar, gruppestorleik, bemanning og opningstider m.v.

Lokallaget arrangerte i år TV1 – første tillitsvalt kurset på Bømlo Kulturhus. Dei tillitsvalde viser stort engasjement og vilje til å arbeide for medlemsengasjementet i klubbane. Viktige saker i sektoren er framleis pensjon i PBL, hovudavtalen, endringar i barnehagelova, medråderett, arbeidstid, bemannings- og pedagognorm og tilsetjingar.

Organisasjonsengasjementet blant medlemer og tillitsvalte aukar i lokallaget vårt. Dei stiller opp på samlingar, møter og kurs og er aktive på verving. Me har gode tillitsvalde som arbeider godt ilag. Dette ser me svært positivt på.

Grunnskule

Me har tillitsvalte i alle skulane i lokallaget og klubbaktiviteten og -engasjementet er godt. Medlemene har i 2020 vore særskilt opptekne av læremiddelsituasjonen, fagfornyinga, ulike utfordringar rundt organisering av skuledagane og arbeidstid, kontaktlærarfunksjonen,

vidareutdanning og kompetanse, bruk av vikarar, overtid og løn, smittevern og mykje anna. Dei tillitsvalte gjer ein god jobb og medlemene er gode på å nytta desse når det trengs.

Leiarar i lokallaget:
I 2020 rakk me berre å skipa til eitt leiarforum og det vart i november. Saker som engasjerer desse medlemane er blant anna løn og lokale forhandlingar, arbeidsoppgåver og arbeidsvilkår, arbeidsmiljø, ressursar, IKT og digitalisering, kurs og opplæring. Like utfordringar og oppgåver for dei ulike rollene i leiargruppa, gjer at me prøver å ha fleire større, felles forum slik at leiarane treff kvarandre på tvers. Elles er medlemane i gruppa i aukande grad engasjerte i organisasjonen og på møta og viser vilje til, og set pris på, å treffast.

Vidaregåande
Vårt styremedlem Tor Gunnar Halleraker er regionstillitsvald for vidaregåande. Pilotprosjektet har vore tema på styremøta våre også i 2020. Elles er samarbeidet teke i vare gjennom at plasstillitsvalte sit i lokallagstyret og me har kontakt gjennom klubb-besøk, e-post og telefon. Desse har eigne hovudtillitsvalte i fylket som dei nyttar når det er behov for. Overgang til ny skule, løn og arbeidstid, overgangen til Vestland, yrkesfagreforma, arbeidstid, bortteljing av timar, flytting av linjer, etterutdanning og fråversgrense er mellom sakene som har vore drøfta.

FAS:
Lokallaget har no klubbleiar innanfor området. Det er me særs nøgde med. Ho er med på tillitsvalt-samlingar for grunnskule. Me hadde planlagt møte med Frank Hansen frå fylket i mars, men dette måtte avlysast på kort varsel. Til vanleg plar me å ha i alle fall ha minimum eitt årleg lunsjmøte med desse medlemane.

Tariffoppgjeret 2020:
Utdanningsforbundet og KS kom til semje 10.12.20. Resultatet blei ei total ramme på 1,7% med verknadsdato frå 1.september. Dette var på linje med frontfaget. PBL og KS kom til semje i tariffoppgjeret 21.12. Resultatet vart på linje med dei andre tariffområda i 2020. Det positive var at dei er komen mykje nærare til å bli einige om pensjon. I 2021 skal ein forhandla om eigenandelen til arbeidstakaren. Partane er også samde om at det skal innførast ein ny stillingskategori med krav om mastergrad. Etter ein månad i konflikt kom også UDF og KA til semje 11.januar. Prestane er sikra same løn som i dag i framtida og elles vart lønsoppgjeret som elles med ei ramme på 1,7%.

Medlemsmøte
Det var pensjonisttreff på HVL på Stord i vår og haust arrangert av pensjonistlaget til Stord. Me hadde medlemsquiz i januar på HiSio med godt oppmøte. Me hadde også 24 medlemer på medlemsmøte med Paul Bentsen i Espira Hollund i februar. Han er hovudtillitsvalt i Espira. Elles har ein del klubbar fått til nokre sosiale samlingar i klubbane sine innimellom smittebølgene. Me har oppfordra til å auka aktiviteten ute i klubbane sidan me stort sett no ikkje kan samla klubbane i lokallaget til større arrangement.

Politisk påverknadsarbeid

Gjennom året har me kontakt med lokale og fylkes-politisk miljø for å påverke i saker som er viktige for våre medlemsgrupper. Dette gjeld saker som pedagognorm og lærarnorm, bruk av ukvalifiserte i undervising, budsjett, rekruttering, kompetanse m.m. Me plar stilla på møter i Utval for levekår. Me opplever dialog og det er positivt. Det er elles ei føremon å dela lokale i rådhuset med politikarane slik at det er lett å få til uformell samtale og dialog.

Tilskot til klubbarbeid

Styret har vedteke eit tilskot på minimum 100 kr per medlem per år til klubben. Dette er i tråd med vedtektene i organisasjonen (minimum 70 kr) og signal frå Landsmøtet 2019 om styrking av grasrota i organisasjonen. Midlane skal i hovudsak nyttast til servering på møter i klubben.

Medlemspleie:

Styret har vedteke at medlemmer som fyller 50 år får eit gåvekort frå lokallaget til ein verdi av 500 kroner. Det er tillitsvalde på arbeidsplassen som har ansvaret for at dette vert gjort. Styret har vedteke at medlemmer som går av med pensjon får ein tursekk med helsing og nyttig informasjon om medlemskapen som pensjonist og informasjon frå Vestland pensjonistlag. Tillitsvalde på arbeidsplassen har ansvar for at dette vert gjort. Klubbar på arbeidsplassar med nybygg får ei blomehelsing. Det blir sendt fruktkorger til alle klubbane før jul.

Støtte til andre organisasjonar

Bømlo skulemuseum:

UDF Bømlo er medeigar i Bømlo skulemuseum på Katla. Gunvor Stautland er kasserar og vår representant i styret.

Årsmelding for 2020

Bømlo skulemuseum på Skinnhueneset på Goddo er eit privat lag som er oppretta av kulturhistoriske interesser på Bømlo.

I styret sit:

Leiar: Solfrid Ytrøy, nestleiar: Mildrid Klubben. Desse representerer Goddo Grendelag og Fiskarkvinnelaget Nordstjerna.

Kasserar: Gunvor Stautland, styremedlem: Gullaug Balevik Nesse. Desse representerer Utdanningsforbundet Bømlo.

Styremedlemmer elles; Lillian Klubben, Grete Torkelsen og Laila Bø. Desse representerer Erevik grendelag.

Dette året har det ikkje vore aktivitet. Me var utom og slo rundt huset, fjelga.

Me har brukt pengar på drifta (straum og forsikring).

Finnås Kraftlag har hatt tilsyn med det elektriske anlegget. Det blei funne i perfekt stand. Skifte av leidningar var ikkje nødvendig (sjå årsmelding 2019).

Me planlegg framleis kjøp av varmepumpe for å få jamn varme og kutte ut oljevarmeomn. Har ikkje hatt nok pengar til denne investeringa.

Me søkjer støtte frå ulikt hald: Utdanningsforbundet Bømlo, Finnås Kraftlag, Fiskekvinnelaget Nordstjerna og Erevik Grendelag er gode støttespelarar

Plan for 2021: Kjøpe varmepumpe.

Skulle Koronaen gje seg noko: Blir det "Gammal Skuleveg" 11. april og ope Museum

søndagane i juli.

Helsing
Gunvor

Fylket
Lokallaget har tett kontakt med Utdanningsforbundet Vestland. Skulering av tillitsvalde sikrar god oppfølging i alle medlemsgrupper. Kurs vert haldne både på fylkes- og på regionsnivå og i 2020 vart desse etter kvart stort sett digitale. Lokallagsleiarane har under normale tilstandar samlingar i Bergen eller på Flesland. Me ser at ein stadig større del av arbeidet i lokallaget går på oppfølging av saker innan PBL-tariffområdet. Her er tett kontakt med fylkesnivået avgjerande. Fylkeslaget har eigen rådgjevar på dette, Elin H. Gravdal, og Solfrid Furre i fylkesstyret har god kompetanse på PBL. Elles nyttar me fylket i svært mange saker til rådgjeving, men også at dei er med i møter i personalsaker fysisk eller digitalt og me nyttar dei til å ha kurs i ulike saker. Ut over kontakten med fylkeslaget, er lokallaget ein del av eit nettverk av lokallag i Sunnhordland, med samlingar om lag fire gongar i året. I nettverket sit representantar for fylkesstyret. Nettverket drøftar overordna saker som ressursar, lønspolitikk, arbeidstid, profesjonsetikk og regionale saker som FOS. Me samarbeider vanlegvis på tvers av kommunegrensene om ulike medlemsmøte. Etter den nye tillitsvaltopplæringa kom, har me også laga til ei felles skulering i Sunnhordland for den første delen av opplæringa. I 2020 måtte me ordna denne lokalt på Bømlo Kulturhus.

Årsmøtesak 6/ 2020

Årsmelding frå Hovudtillitsvald kommune

Tore Trøiel Hansen - hovudtillitsvald og Karine Nesse - vara-hovudtillitsvald.
2020 blei eit spesielt år med tanke på koronasituasjonen. I byrjinga hadde me mange saker frå bekymra medlemmer når det gjaldt smitte. Nye arbeidsmåtar med digital undervisning og heimeskule førte til ein del utfordringar. Utetter våren normaliserte ting seg litt meir. Sjølv om koronapandemien har skapt utfordingar i arbeidet, og arbeidsmåtar som hovudtillitsvald, har me fått gjennomført mykje av det «vanlege» arbeidet. Etter som smittesituasjonen og reglar for kor mange som til ei kvar tid kan vere samla endra seg, har møta me har hatt med forskjellige medlemmar og administrasjon variert mellom fysiske og digitale møter.
Som hovudtillitsvalde for dei kommunalt tilsette i UDF har me arbeidd med følgjande:

Medråderettsmøte med kommunalsjef:
HTV og vara-HTV har medråderettsmøte med Bjørn Håvard Bjørklund. Skulefagleg rådgjevar Kristine Sætre er med på møta. Kommunalsjefen kallar inn til møta og skriv referat. Det har vore gode drøftingar.

Saker me har drøfta er:

- Lov- og avtaleverk, m.a. SFS 2213.
- Lønspolitikk, tariffoppgjer
- Budsjett, revidert budsjett, rammevilkår, økonomi, Kostra og GSI

- Kompetanse: vidareutdanning, kompetanseplan, kompetansetillegg, lærarspesialistar.
- IKT-satsinga i Bømlo-skulen
- Nettverk nyutdanna lærarar.
- Vikarpoolstilling
- Rammetimetal
- Tilsetjingar
- Lærarnorm
- IA-arbeid og HMS-plan
- Skuleruta
- Arbeidsvilkår og arbeidsmiljø: IA-arbeid generelt. Avviksmeldingar. Sjukefråver. Kommunale planar, (t.d. kommunedelplan) avtalar, rutinar og prosedyrar m.a. for sjukefråversoppfølging
- Fagfornyinga
- Nye læreverk, digitale/analoge tilknytt den nye læreplanen
- BTI
- 9A
- Tilstandsrapporten for skulen på Bømlo, resultat frå nasjonale prøvar, ung data, elevundersøkinga mm.
- FOS

Samarbeidsmøte mellom administrasjon og hovudtillitsvalde

Me har samarbeidsmøte mellom kommunedirektør, personalsjef og hovudtillitsvalde ein gang i månaden. Administrasjon og hovudtillitsvalde spelar inn saker til møta.
Møta startar med aktuell informasjon frå kommunedirektør.
Me handsamar saker som forhandlingar, drøftingar og informasjon etter HA, slik som overordna løns- og personalpolitikk

ATG-møter

Me har månadlege møter for dei tillitsvalde i alle grunnskulane. Slik kan me drøfta saker som medlemmene ved skulane er opptekne av, og me kan gje informasjon frå sentralt hald. Oppmøtet er godt. Nye utfordringar og saker tilknytt koronasituasjonen våren 2020, gjorde at mei ei stund hadde ATG møter oftare enn ein gang i månaden. Me kalla inn til korte møte etter behov. Desse møta føregjekk digitalt, der me tok opp aktuelle saker som oppstart av vanleg skule etter nedstenginga, smittevern og liknande Me har hatt 6 ordinære møter i 2020, og handsama 38 saker. Hausten 2020 gjorde smittevernreglane at me kunne gjennomføre dei fleste møta fysisk.
Saker me har drøfta:

- Arbeidstid.
- Tilsetjingar
- Kompetanseplan og vidareutdanning.
- IA-arbeid i Bømlo kommune, sjukefråver og avviksmeldingar, medråderett
- Personvernforordning.

- Medråderett – klubbarbeid
- Kommunebudsjett
- Fagfornyinga.
- Læreverk tilknytt fagfornyinga.
- Skuleruta
- Organisasjonsarbeid: medlemspleie, fordeler, verving, møter mm
- Livsfaseorientert personalpolitikk, seniorpolitikk
- Lønspolitisk plan
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Tariff og tariffoppgjeret
- Funksjonar
- Lokale forhandlingar
- Pensjon

Koronasituasjonen gjer at me dette året ikkje har fått vitja klubbane. Håpar at det kan bli moglegheit for besøk i løpet av hausten.

FAS

Dei fleste medlemmene våre innan FAS finn me i Barne- og familietenesta, nærare bestemt på PPT. Me har ein plasstillitsvald ved tenesta.

Lokale forhandlingar 2020

Det vart gjennomført lokale forhandlingar i kapittel 3 og 5 (KS) i oktober. Å kalla det for forhandlingar er vel å ta sterkt i. Me fekk eit tilbod på 0.6% tillegg i begge kapitla. Når me skulle ha forhandlingar hadde ikkje kommunen meir å gje. Resultatet blei 0.6% til alle i kap. 3 og 5 med verknad frå 1.5 2020. I evalueringsmøtet etter forhandlingane tok kommunen sjølvkritikk for ikkje å ha gjort det klart at det ikkje var noko å forhandla om.

Kommunalt planarbeid

Utdanningsforbundet Bømlo er med i fleire partssamansette grupper og innan planarbeid:
- HTV sit som tilsettrepresentant i Folkehelseforum.
- Inkluderande barnehage og skulemiljø: HTV er med i arbeidet med denne satsinga.

Samarbeid med andre hovudtillitsvalde

Det er faste møter mellom alle hovudtillitsvalde i kommunal sektor. Me drøftar aktuelle saker som gjeld alle arbeidstakarane i kommunen. Desse møta blir og brukte til å spele inn saker til møte mellom administrasjon og hovudtillitsvalde.

Samarbeid med hovudverneombod

Me samarbeider i saker som gjeld arbeidsmiljøet. Samarbeidet er godt. Hovudverneombodet er med på deler av medråderettsmøta med kommunalsjef. Me samarbeider og om saker til partsamansette møter og til AMU.

Arbeidsmiljøutvalet

Utdanningsforbundet har ein representant i AMU. Utvalet har møter fire gonger i året. Saker som gjeld arbeidsmiljøet blir drøfta, både på generelt og overordna nivå, systemnivå og meir konkrete saker. Fleire saker blir løfta opp i utvalet. Døme er avvik og handtering av vald og trugsmål, trivselstiltak, sjukefråver og HMS handlingsplan.

Årsmøtesak 7/ 2020

Rekneskap 2020

Budsjett og rekneskap for Bømlo lokallag

Konto	Benevnelse		
Salgs-/driftsinntekt		**Budsjett 2021**	**Rekneskap 2020**
3290	Kontingentinntekter	-346 281	-334 594
3910	Andre driftsinntekter (fri)	-500	-500
3990	Refusjon SPK-midler	-6 219	-6 219
	Sum 3000-konti	**-353 000**	**-341 313**
Lønnskostnad			
5017	Møtegodtgjering uten feriepenger (utbet./innberetn.fylkeslaget)	20 000	17 000
5239	Telefondekning i form av lønnsytelse	12 000	12 000
5315	Honorar uten feriepenger (utbet./innberetn.fylkeslaget)	5 000	1 500
5400	Arbeidsgiveravgift	7 000	4 400
	Sum 5000-konti	**44 000**	**34 900**
Annen driftskostnad			
6301	Leie kontorlokaler		0
6340	Lys, varme		0
6380	Kontorforsikringer		0
6390	Andre kostnader lokaler		0
6400	Leie/service kontormaskiner		0
6540	Inventar, innkjøp		0
6550	Kontorteknisk utstyr	2 000	0
6740	Frikjøp tillitsvalgte e. avtale	92 000	86 547

6780	Honorar uten oppgaveplikt		0
6800	Kontorrekvisita		0
6820	Trykksaker		0
6840	Aviser og abonnementer kontoret	10 500	9 567
6841	Faglitteratur		0
6890	Diverse kontor- og adm.kostnader		0
6900	Telefon		0
6940	Portokostnader, postboksleie		0
7110	Bilgodtgjering trekk- og avgiftsfri	2 000	4 642
7111	Passasjertillegg	400	1 008
7112	Bilgodtgjering trekk- og avgiftspliktig	500	703
7142	Flybilletter	1 500	0
7143	Andre reiseutgifter	3 000	9 680
7144	Hotell	0	519
7170	Leie kurslokale/møterom	4 000	4 094
7171	Bevertning ved møter	110 000	105 465
7172	Deltakeravgift møter/kurs		
7190	Andre kurs/møte kostnader	2 000	8 882
7320	Annonser markedsføring	1 400	1 155
7321	Profileringsmateriell	18 000	18 602
7420	Støtte andre organisasjonar	6 000	5 844
7422	Representasjon, gaver	35 000	32 580
	Sum 6 - 7000-konti	**288 300**	**289 288**
Finansinntekt/-kostnad			
8040	Renteinntekter bank	-80	-84
8171	Bankgebyr	250	243
	Sum 8000-konti	**170**	**159**

	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
Sum inntekter ⇨ 3000-konti	**-353 000**	**-341 313**
Sum utgifter ⇨ 5000, 6000, 7000 og 8000-konti	**332 470**	**324 347**
Resultat	**-20 530**	**-16 966**

Årsmøtesak 8/ 2020

Budsjett 2021

Sjå tabell over

Årsmøtesak 9/ 2020

Retningslinjer for arbeidet i lokallaget i komande årsmøteperiode

Klubbarbeid er viktig i vårt lokallag. Me ser det som ei av dei viktigaste oppgåvene å ha tett kontakt med alle medlemsgruppene og fremja medlemsdemokratiet i lokallaget.
Me har fokus på verving for å halda oppe og auka tal på medlemer og på god medlemspleie for å rekruttera og halda på dei medlemene me har. Det er viktig at me formidlar informasjon og kunnskap til medlemene og dei tillitsvalte og følgjer og støttar dei. Heile tida må me jobba for å skapa fellesskap i lokallaget og halda på dette. Me arrangerer medlemsmøte og medlemsaktivitetar med aktuelle tema for alle medlemsgruppene og det er viktig at dei varierer i innhald og form slik at alle kan finna noko som er interessant og engasjerer.

Vårt fokus skal vera på at alle born i Bømlo har rett på kvalifiserte lærarar og nok lærarar. Det skal vera eit fysisk og psykisk helsefremjande arbeidsmiljø for elevar og born, lærarar og leiarar. Bemanningsnorma, pedagognorma og lærarnorma treng å styrkjast og gruppestorleiken må ned og vera forsvarleg i alle skular og barnehagar. Opplæring i og oppfølging av lov- og avtaleverk er ein viktig del av arbeidet. Gjennom virket vårt vil me styrka drøftinga og partssamarbeidet i verksemdene. Ytringskultur og ytringsfridom må haldast fram som viktige og udiskutable prinsipp.

I det daglege arbeidet inngår arbeid med utlysingar og tilsetjingar. Budsjett, revidert budsjett og rammetimetal er også arbeidsområde og elles tett samarbeid med kommunen på ulike satsingsområde. Med arbeidsgjevar har me ein gong i året lokale lønsforhandlingar. Me freistar her å fremja føreseielege kriteria for lønsauke og elles følgja Utdanningsforbundet sin politikk og prinsipp.

Å arrangera årsmøte er eit viktig arbeid som krev tid. Tett samarbeid med styret går føre seg heile året og me har jamlege styremøte og elles tett kontakt. Personalsaker er viktige og ofte akutte og i dette arbeidet nyttar me ofte fylkeslaget til hjelp og støtte.

Me jobbar med læreplanar, rammeplanar og fagfornyinga. Tariff, løn, lovverk og avtaleverk er alltid på dagsorden. I samarbeid med styret, klubbar eller medlemer svarar me på høyringar som gjeld vår profesjon. Fylkeslaget ynskjer også elles informasjon frå klubbnivå og lokallagsnivå og me formidlar dette.

Me har nettverk for tillitsvalde i grunnskule om lag kvar månad, og to gongar i året for tillitsvalte i barnehage. På hausten har me forum for styrarar aleine og eit felles for rektorar og avdelingsleiarar. På våren har me eit felles leiarforum for alle leiarane i lokallaget og me har medlemsmøte for dei ulike gruppene for seg og på tvers med aktuelle tema og tema medlemene ynskjer.

Lokallagsleiar og hovudtillitsvalt vitjar minst ein gong i året alle verksemdene der det er medlemer. Då informerer me om aktuelle saker, svarar på spørsmål og held kurs. Me har også med små gåver og informerer og medlemskap og -føremoner.

Me arrangerer årsmøte ein gong i året med føredragshaldar og middag. To gongar i året arrangerer me quiz. Me har arrangement ilag med andre lokallag i regionen og deltek på deira arrangement og arrangement og møter i regi av fylkeslaget.

Årsmøtesak 10/ 2020

Innmelde saker

Ingen innkomne saker.

Årsmøtesak 11/ 2020

Resolusjonar

Ingen innkomne resolusjonar.

Årsmøtesak 12/2020
Val

Årsmøtesak 12.1/2020
Val av leiar i lokallagsstyret

Innstilling frå valnemnd: Karine Nesse
Virketid: 01.08.2021-31.07.2023

Årsmøtesak 12.2/2020
Val av nestleiar i lokallagsstyret:

Innstilling frå valnemnd: Tore Trøiel Hansen
Virketid: 01.08.2021-31.07.2022

Årsmøtesak 12.3/ 2020

Val av medlemmer til styret

Innstilling frå valnemnd: Gerd Turid Røksund (grunnskule)
Virketid: 01.08.2021-31.07.2023
Steffen Jørs (vidaregåande)
Virketid: 01.08.2021-31.07.2023
Solveig Eikeland(Grunnskule)

Virketid: 01.08.2021-31.07.2023
Silje Slagstad Bjørkheim (Barnehage)
Virketid: 01.08.2021-31.07.2023

Årsmøtesak 12.4/ 2020

Val av vara-medlemmer for perioden 01.08.21-31.07.22

Innstilling frå valnemnd:

1. Solbjørg Eide Vik (grunnskule)
2. Anette Hollund Aga (barnehage)
3. Lene Agasøster(vidaregåande)

Årsmøtesak 12.5/ 2020

Val av valnemnd for perioden 01.08.21-31.07.22

Innstilling frå styret:

for barnehage: Anette Hollund Aga
for grunnskule: Monica Rolfsnes Fardal
for vidaregåande: Marta Innvær